

Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2009



Bømlo, Etne, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Modalen og Tysnes

Forord

”Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2009”

Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland har etter innspel og drøftingar med næringslivet utarbeidd framlegg til ”Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2009”.

I arbeidet har styringsgruppa lagt vekt på føringar frå Kommunal – og regionaldepartementet og Hordaland fylkeskommune. Styringsgruppa har særleg merka seg punkt 9. ”Avgjersler om bruk skal ta utgangspunkt i dei utfordringar og behov som blir prioritert av næringslivet”.

Handlingsplanen tek utgangspunkt i det beløpet som er tildelt Hordaland for 2009 på kr. 42,6 mill.

Styringsgruppa har i sitt arbeid prøvd å finna fellestiltak for alle kommunane gjennom tiltak innan kompetanse og til dels innan samferdsle. I tillegg er det teken inn prosjekt som berre kjem enkeltkommunar til gode. I denne fordelinga har arbeidsutvalet nytta ”Handlingsregelen”, som er omtala på side 8.

Hordaland, 17. november 2009

Sveinung Hansen, Wårtsila AS, Bømlo

Leif J. Johansen, Johansen Rør, Etne

Hans Hansen , Folgefonn Elektro AS, Jondal

Frode Nummedal, Bjølvefossen AS, Kvam

Per Øyvind Sævartveit, Sørø AS, Kvinnherad

Jan Ekse, BKK Produksjon, Modalen

Ove Rosvold, Windsor Door AS, Tysnes

Knut Prestnes, HMR Group AS, Kvinnherad

Ordførar Sigve Sørheim, Etne

Ordførar Astrid Farestveit Selsvold, Kvam

Ordførar Knut Moe, Modalen

Ordførar Helge Hauge, Tysnes

Ordførar Sigrid Brattabø Handegard, Jondal

Ordførar Synnøve Solbakken, Kvinnherad

Ordførar Inge Reidar Kallevåg, Bømlo

INNHALDSLISTE

Forord

1.0	Bakgrunn	Side 4
1.1	Mandat	Side 4
1.2	Føringar frå departementet	Side 4
1.3	Føringar frå Hordaland fylkeskommune	Side 6
2.0	Plan for bruk av kompensasjonsmidlar i i Hordaland 2009	Side 7
2.1	Styringsgruppe	Side 7
2.2	Arbeidsutval	Side 8
2.3	Mandat for arbeidsutvalet	Side 8
2.4	Metode	Side 8
2.5	Finansiering av Jondaltunnelen	Side 8
2.6	Handlingsregelen	Side 9
2.7	Hovudprioriteringar	Side 10
	2.7.1 Regionale og lokale næringsretta utviklingstiltak inkludert infrastrukturiltak	Side 10
	2.7.2 Kompetanseheving	Side 10
	2.7.3 Bedriftsretta virkemidlar/bedriftsstøtte via Innovasjon Norge	Side 10
	2.7.4 Fordeling/administrasjon	Side 10
3.0	Samferdsle	Side 11
3.1	Bakgrunn	Side 11
3.2	Jondaltunnelen	Side 11
3.3	Bømlopakken	Side 12
3.4	Ferjefri Kyststamveg – Hordfast	Side 14
3.5	Samferdslepakke Skånevik	Side 15
	3.5.1 Oppgradering av FV 34 med ny gang og sykkelveg frå Skånevik ferjekai og til idrettsanlegget	Side 15
	3.5.2 Utbetring av Rv 48 sentrum-Nes	Side 16
3.6	Samferdsletiltak i Kvam	Side 16
3.7	Infrastruktur på Tysnes	Side 17
	3.7.1 Rv 49 Holmalia	Side 18
	3.7.2 Rv 49 Gjersvikmarka	Side 18
4.0	Kompetanseheving	Side 18
4.1	Bakgrunn	Side 18
4.2	Situasjonsanalyse	Side 18
	4.2.1 Kompetansetiltak	Side 19
	4.2.2 Kostnadsramme	Side 20
	4.2.3 Opplæring til næringslivet	Side 20
4.3	Samarbeid Skule - Næringsliv	Side 20
4.4	Realfag prosjekt	Side 23
4.5	Ungt Entreprenørskap	Side 25
5.0	Andre prioriterte tiltak	Side 26
5.1	Kultursenter på Husnes	Side 26
5.2	Næringsutvikling i Kvinnherad	Side 26
5.3	Tettstadutvikling Ålvik	Side 27
5.4	Infrastruktur Modalen	Side 28
6.0	Bedriftsretta midlar igjennom Innovasjon Noreg	Side 28
7.0	Tappt arbeidsforteneste AU / sekretariat	Side 28
8.0	Fordeling av prosjekt 2009	Side 29
8.1	Kommunevis fordeling 2009	Side 30

1.0 Bakgrunn

Frå 01.01.07 fekk delar av dei områda som sidan 2004 har hatt full arbeidsgjevaravgift gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift. I Hordaland gjeld det 7 kommunar. Dei kommunane som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, vil fortsette i ei kompensasjonsordning tilsvarande den som har vore for perioden 2004 til 2006. Dette vil gjelde dei 7 kommunane Modalen, Kvam, Jondal, Tysnes, Kvinnherad, Etne og Bømlo.

I samband med tilskotsbrevet frå KRD for Kap 551.60 "Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling" kom det nye felles retningslinjer som også skal gjelde for forvaltninga av midlane som blir løyva over Kap 551.61 "Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift". I mars 2009 fekk fylkeskommunen eit tilsegnsbrev kor den økonomiske ramma for 2009 er sett til 42,6 mill. kroner. Desse tala ar rekna ut av Møre forskning på bakgrunn av tal frå 2007.

Det vart i 2007 gjennomført ein prosess på korleis desse midlane skal forvaltast i perioden 2007 -2013.

1.1 Mandat

På bakgrunn av prosessen som var gjennomført vedrørande forvaltning og organisering av arbeidet med kompensasjonsmidlane 2007-2013 gjorde fylkestinget i møte 12.oktober 2007 følgjande vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til den i saka føreslegne modellen for forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2007 -2013, basert på
 - Ei felles styringsgruppe
 - Strategiske føringar for fordeling av midlane
 - Ansvars- og oppgåvefordeling mellom fylkesutvalet, regionalt Næringsforum og den regionale styringsgruppa
 - Sekretariat lagt til Samarbeidsrådet for Sunnhordland
 - Forvaltningsoppgåver lagt til fylkeskommunen
 - Utarbeiding av årleg handlingsplan
 - Forvaltning av bedriftsretta midlar gjennom Innovasjon Norge
2. Fylkestinget delegerer det overordna ansvaret for vidare forvaltning av kompensasjonsmidlane til fylkesutvalet, inkl. mynde til å godkjenne årlege handlingsplanar og gjere event. endringar i forvaltningsmodellen.

1.2 Føringar frå departementet

(kursiv frå saksutgreiinga til fylkesutvalet)

Endringar frå 2007:

1. *Ordninga er endra slik at berekningane skjer på grunnlag av kor verksemda er lokalisert og ikkje lengre kor den tilsette har sin bustad. Grunngevinga er at ESA ikkje lengre godtar at støtte kan bli gitt til bedrifter utafor det geografiske virkeområdet (pendlarar).*

2. *Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift innafor fribeløpsgrensa for bagatellmessig støtte er vidareført. Grensa for bagatellmessig støtte er samtidig auka frå 100 000 euro til 200 000 euro siste 3 år. Dette inneber at bedrifter med kostnader til løn på mindre enn ca 15 mill kr blir fullt kompensert og vil framleis betale 10,6 % arbeidsgjevaravgift. For bedrifter som dei siste 3 åra har motteke andre former for bagatellmessig støtte kan fribeløpet bli lågare for ikkje å overskride maksimalgrensa på 200 000 euro siste 3 år.*
3. *Omlagginga skal gjennomførast på ein provenynøytral måte (nasjonalt nivå). Det inneber at avgiftsauken skal bli tilbakeført til "dei områda som ikkje får gjeninnført ordninga".*
4. *Sjølv kompensasjonsordninga har no skifta namn til "Næringsretta midlar til regional utvikling, - kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift". Tidlegare var namnet "Næringsretta utviklingstiltak, - kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift".*
5. *Det er regjeringa sitt mål at kompensasjonsordninga skal ligge fast til 2013.*
6. *Midlane kan nyttast til å finansiera ei regional/fylkeskommunal transportstøtteordning.*

Nærare om bruken av midlane:

Som nemnt har det kome nye felles retningslinjer for 551.60 og 551.61. Føremålet med retningslinjene er å fastsette og formidle mål og avgrensingar som er knytt til bruk av disse virkemidlane hos fylkeskommunane og dei som blir sett til å forvalte midlar på vegne av fylkeskommunen. Her er nokre hovudpunkt frå retningslinjene:

1. *Midlane skal vere med på å realisera nasjonale og fylkeskommunale mål for regional utvikling tilpassa regionale føresetnader.*
2. *Fylkeskommunen skal utarbeide eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til fylkeskommunen sine mål for regional utvikling. Fylkeskommunen må også syta for å definere målgrupper og nærare tildelingskriterium for midlane.*
3. *Forvaltninga skal byggja på auka folkevalt styre og ansvar gjennom fylkeskommunane som har det strategiske ansvaret for forvaltninga.*
4. *Fylkeskommunen kan delegere det operative ansvaret til andre aktørar der det er naturleg og ønskeleg.*
5. *Det skal vere eit skilje mellom strategisk og operativt styrings- og ansvarsområde. Det operative ansvaret for bedriftsretta virkemiddel skal i hovudsak liggja hos IN.*
6. *Sentral godkjenning hos KRD av handlingsplanane fell bort.*
7. *Samstundes med å ivareta kravet om god folkevalt styring og kontroll, skal fylkeskommunen sikre sterk brukarmedverknad gjennom aktiv medverknad i planprosessarbeidet. Fylkeskommunen skal forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med andre aktørar, i dette tilfelle særleg kommunar og næringsliv.*
8. *Det er viktig å bygge vidare på næringslivet sitt sterke engasjement. Dei skal fortsett vere ein sentral premissleverandør. Fylkeskommunen skal i nært samarbeid med lokale og regionale aktørar finne fram til gode rolleavklaringar, utarbeide og avklare mandat for partnerskapen og avgjerde korleis dei ulike aktørane skal delta i planleggings- og avgjerdsprosessar.*
9. *Avgjersler om bruk skal ta utgangspunkt i dei utfordringar og behov som blir prioritert av næringslivet.*
10. *Avgjersler i partnerskapen bør i størst mogleg grad byggja på konsensusprinsippet.*
11. *Fylkeskommunen skal sjå til at midlane blir forvalta i tråd med det til einkvar tid gjeldande statsstøtteregelverket i EØS-avtalen.*
12. *Direkte bedriftsstøtte, med unntak av bagatellstøtte, kan berre bli gitt innafor Sone III og IV i DU-området. Støtte til grunnlagsinvesteringar kan bli gitt i alle område unntatt Sone I.*
13. *Midlane kan ikkje nyttast til å finansiera offentleg velferdsproduksjon eller offentleg forvaltnings- eller forretningsverksemd.*
14. *Eventuelle næringsavgrensingar blir overlate til det einskilde fylke.*
15. *Midlane kan normalt ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital.*

1.3. Hordaland fylkeskommune sine strategiske føringar for virkemiddelbruken

"Det blir lagt til grunn at styringsgruppa legg vekt på å prioritera større prosjekt kor ei medfinansiering med kompensasjonsmidlar vil vere det som skal til for å få ein større finansieringsplan på plass. Det bør også bli lagt vekt på å prioritera prosjekt som går på tvers av kommunegrensene eller omfattar meir enn ein kommune. Prosjekta bør også ha ei anna innretning enn dei som blir finansiert gjennom dei andre regionale virkemidla fylkeskommunen rår over inkludert dei regionale næringsfonda.

I eit langsiktig utviklingsperspektiv er det viktig at det i det regionale næringsutviklingsarbeidet er ein viss "balanse" mellom hovudområda infrastrukturtiltak, generell bedriftsutvikling/kompetanseheving og bruk av bedriftsretta virkemidlar. Sjansane er då større for å få til ei god næringsutvikling på brei front. Det er difor fastsett følgjande retningsgjevande %-vise rammes for fordeling av den årlege ramma:

- 1. Regionale og lokale næringsretta utviklingstiltak inkludert infrastrukturtiltak: 60 – 80 %.*
- 2. Bedriftsutvikling/kompetansehevingstiltak og generelle tiltak for tilrettelegging for næringsutvikling: 10 – 20 %.*
- 3. Bedriftsretta virkemidlar/bedriftsstøtte via Innovasjon Norge: 10 – 20 %.*

I dei årlege handlingsplanane må styringsgruppa vise korleis bruken av midlane fordeler seg i høve til desse rammene og eventuelt grunngje kvifor dei ønskjer å avvike frå rammene.

For å sikre ei mest mogleg lik handsaming av bedriftene i alle dei aktuelle kommunane, skal tiltak og prosjekt under punkt 2 og 3 over som hovudregel vere opne for bedrifter frå alle dei aktuelle kommunane. Dersom det er fleire søknader og prosjekt enn det er tilgjengelege midlar, bør det vere ein normal "konkurransesituasjon" kor dei beste prosjekta blir prioritert. Dette vil særleg gjelde for søknader frå bedrifter under punkt 3, men kan også gjelde kompetanseprosjekt med bedriftsdeltaking innafor punkt 2. I tillegg må sjølvsagt EØS regelverket om konkurransevriding bli overhaldt.

For bedriftsretta virkemidlar under punkt 3 vil det bli lagt til grunn at dette er midlar som kjem i tillegg til, og ikkje i staden for, dei bedriftsretta virkemidlane som er forvalta av Innovasjon Norge på vegne av fylkeskommunen. Det inneber at støtte først må vurderast i høve til dei andre virkemidla slik at kompensasjonsmidlane blir nytta til å finansiera gode prosjekt som ikkje rekk opp i konkurransen om dei "ordinære" virkemidla.

Det er opp til styringsgruppa å prioritere eventuelle bransjesatsingar lokalt og regionalt dersom dei ønskjer dette."

2.0 PLAN FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR I HORDALAND 2009

I Hordaland er det kommunane Etne, Bømlo, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Modalen og Tysnes som kjem inn under denne ordninga. I styringsgruppa er det ein representant frå bedriftene i kvar kommune - utpeika av NHO og ordførar i kvar kommune. I tillegg er det ein representant frå bedriftene som ikkje er med i NHO.

2.1 Styringsgruppe

Sveinung Hansen, Wärtsila AS, Bømlo, medlem
Jakob Særsten, LOS Elektro AS, Bømlo, vara

Leif J. Johansen, Johansen Rør, Etne, medlem
Bjarne Sævereid, Etne Elektrisitetslag, Etne, vara

Hans Hansen, Folgefonn Elektro AS, Jondal, medlem
Lars T. Haugen, Pan Fish Norway AS, Jondal, vara

Frode Nummedal, Elkem Bjølvefossen AS, Kvam, medlem
Asbjørn Tolo, Fjellstrand AS, Kvam, vara

Per Øyvind Sævertveit, Søral AS, Kvinnherad, medlem
Ove Røsland, Umoe Schat-Harding AS, Kvinnherad, vara

Jan Ekse, BKK Produksjon, Modalen, medlem
Per B. Hanstveit, Modalen Kraftlag BA, Modalen, vara

Ove Rosvold, Windsor Door AS, Tysnes, medlem
Dag Christensen, Ensy AS, Tysnes, vara

Knut Prestnes, HMR Group AS, Kvinnherad, representant for alle bedriftene som ikkje er medlem i NHO.

Ordførar Sigve Sørheim, Etne kommune,
Ordførar Astrid Farestveit Selsvold, Kvam kommune,
Ordførar Knut Moe, Modalen kommune,
Ordførar Helge Hauge, Tysnes kommune,
Ordførar Sigrid Brattabø Handegard, Jondal kommune,
Ordførar Synnøve Solbakken, Kvinnherad kommune,
Ordførar Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune,

Leiar og nestleiar

Knut Prestnes, leiar
Sigrid Brattabø Handegard, nestleiar

Observatørar:

Ole Andreas Smette, Innovasjon Noreg, Tom Knudsen, NHO, Arthur Arnesen, Hordaland fylkeskommune.
Observatørane er ikkje personlege, men representantar for sine respektive organisasjonar.

Sekretariat

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved dagleg leiar Gro Jensen Gjerde, vara Reidun B. Rykkje

2.2 Arbeidsutval

Det vart vedteke å velja eit arbeidsutval som skal ha ei tettare oppfølging av handlingsdelen i planen. Det føreligg eit eige mandat for dette utvalet.

Medlemmer:

Knut Prestnes, HMR Group, Kvinnherad, leiar
Sigrid Brattabø Handegard, Jondal, nestleiar
Frode Nummedal, Elkem Bjølvefossen, Kvam, medlem
Per Øyvind Sævartveit, Søral AS, Kvinnherad, medlem
Inge Reidar Kallevåg, Bømlo, medlem

Varamedlemmer:

Ove Rosvold, vara for bedriftsrepresentantane
Sigve Sørheim, vara for Inge Reidar Kallevåg
Knut Moe, vara for Sigrid Brattabø Handegard

2.3 Mandat for arbeidsutvalet

- AU skal utarbeida framlegg til årlege planar for bruk av kompensasjonsmidlane.
- AU skal følgja opp tiltaka i handlingsdelen.
- AU innstiller til styringsgruppa.
- AU kan løyva midlar frå ein disponibel pott.
- AU har fullmakt til å løyva til / og eller setja i gang prosjekt som er prioritert i planen med ei kostnadsramme på inntil 1.mill. kroner.

2.4 Metode

Styringsgruppa har lagt til grunn kriteria frå Departementet og frå Hordaland fylkeskommune for sitt arbeid. Det vart i perioden februar – mars gjennomført ein situasjonsanalyse i 14 bedrifter. Analysen hadde som målsetjing å kartleggja kompetansebehov og utviklingsprosjekt i bedriftene. Det har og vore ei prosessamling der bedriftene drøfta sine behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg har vore med på møta. I tillegg har fleire av ordførarane hatt møte med næringslivet i sin kommune. Arbeidsutvalet har på bakgrunn av desse innspela laga framlegg til plan som vart drøfta i styringsgruppa og i møte 18.mai 2009. Endeleg godkjenning av planen vart utsett til det var gjort nye avklaringar til finansiering av Jondaltunnelen. Plan for 2009 har dei same satsingsområda som godkjent plan for 2008.

2.5. Finansiering av Jondaltunnelen

Då finansieringsplanen for Jondaltunnelen vart sett opp var alle kommunane i Hardanger med i ordninga som gjeld kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Etter at differensiert avgift var innført på ny frå 01.01.07 fekk dei fleste kommunane i Hardanger lågare sats. Det er berre Jondal og Kvam som no kjem inn under ordninga med kompensasjonsmidlar. Odda Kommune som var ein nøkkeltkommune i høve til finansiering av Jondaltunnelen fall ut av ordninga. I Sunnhordland var det ingen kommunar som fekk lågare sats.

Ut i frå vedtak i Fylkestinget vert det forventa at det skal koma midlar til Jondaltunnelen frå kompensasjonsmidlane på til saman kr. 18,6 mill. ein rest på totalbeløpet på kr. 80.6 mill.

Styringsgruppa meinte at dette ikkje er rimeleg å forventa, og arbeidsutvalet har i brev til Hordaland fylkeskommune og i møte med gruppeleiarane i fylkestinget fremja næringslivet sitt syn på finansiering av Jondaltunnelen. Dette synet har ikkje ført fram, og det er no sett av midlar til Jondaltunnelen. Det er likevel viktig for styringsgruppa at det kjem tydeleg fram at dette er ei avgjerd der næringslivet ikkje er samde i fylkeskommunen sine prioriteringar.

2.6 Handlingsregelen

Bedriftene i dei ulike kommunane bidreg med ulike summar inn i ordninga med kompensasjonsmidlar. Tala vil variera frå år til år og skal sjåast på som anslagsvise. Det ei klar føring av at midlane og skal nyttast til fellestiltak som og gjeld bedrifter og tiltak i kommunar som er med i ordninga, men som er registret som "0" kommunar. Tala er henta frå Møre forskning.

Anslag på kommunevis fordeling i mill.kroner

Kommune	2009	2008
Bømlo	22,87	18,1
Etne	0,03	0
Kvinnherad	14,23	11,4
Kvam	5,50	4,6
Jondal	0	0,5
Modalen	0	0
Tysnes	0	0,1
Til saman	42,6	34,7

Styringsgruppa har kome fram til at ein regel "handlingsregelen" for kor mykje av midlane som går til fellestiltak kan vera med på å gjera fordelingane meir forutsigbare.

Handlingsregelen skal vera styrande for fordelinga av midlane:

"Summen av direkte tiltak og fellestiltak skal utgjera minst 95 % av det den einskilde kommune bidreg med".

Fordeling 2009 til felles prosjekt frå kvar kommune – ut i frå handlingsregelen:

Kommune	2008	2009
Bømlo	Kr. 900 000,-	Kr. 1 143 500,-
Kvinnherad	Kr. 570 000,-	Kr. 711 500,-
Kvam	Kr. 230 000,-	Kr. 275 000,-
Jondal	Kr. 25 000,-	0,-
Tysnes	Kr. 5 000,-	0,-
Modalen	0,-	0,-
Etne	0,-	Kr. 1 500,-
Maksimalt til fellestiltak	Kr. 1 730 000,-	Kr. 2 131 500,-

2.7 Hovudprioriteringar 2009

Det er brei semje om at tiltaka som har fungert bra er viktige å vidareføra. Det er og prioritert å bruka midlar til delfinansiering av større prosjekt og til nye utviklingstiltak. Det er teke utgangspunkt i at bedriftene får 42,6 millionar kroner i kompensasjon i 2009. Bedriftene har prioritert følgjande fordeling:

Næringsretta utviklingstiltak inkludert infrastrukturtiltak	34.50 mill.kroner
Kompetanseheving	5.20 mill.kroner
Bedriftsretta virkemidlar/bedriftsstøtte via Innovasjon Noreg	2.50 mill.kroner
administrasjon / tapt arbeidsforteneste	0.40 mill.kroner

2.7.1 Regionale og lokale næringsretta utviklingstiltak inkludert infrastrukturtiltak

Det er stort behov for opprustning og utbetring av vegnettet i Hardanger og Sunnhordland. Dette gjeld særleg sekundærvegane som er flaskehalsar for godstrafikk og store kjøretøy med m.a. restriksjonar på akseltrykk. Men det er også fleire parsellar på hovudvegane som ikkje har god nok standard.

For kommunane og bedriftene i Kvam, Jondal og Kvinnherad er realisering av Jondaltunnelen eit svært viktig samferdsletiltak for å få til eit funksjonelt bu - og arbeidsområde på Folgefonnhalvøya.

Hordfast vil gjera E 39 mellom Stord og Bergen ferjefri, og vil gjera transportbehovet mellom Bergen og Stavanger mykje betre. For bedriftene i Tysnes vil det gje eit døgnope samband og betre vegar.

Styringsgruppa har valt å bruka midlar på lokale næringsretta utviklingstiltak då slike tiltak er med på å fremja lokal utvikling som t.d. tilrettelegging av næringsareal og å gjera kommunane meir attraktive å bu og arbeida i. Det er lagt opp til at lokale næringsretta utviklingstiltak får 16,43 % av totalramma.

For bedriftene er betre samferdsle avgjerande for vidare utvikling, det same er regionale og lokale næringsretta utviklingstiltak. Tiltaka er difor er prioritert med 80,98 % av totalramma

2.7.2 Kompetanseheving

For at bedriftene skal vera i front innan sine bransjar må det heile tida gjerast strategiske grep og utvikling innan kompetanse. Bedriftene må tenkja og handla på kort og lang sikt.

Difor har bedriftene valt å bruka midlar på kompetanseutvikling av tilsette, men og på framtida gjennom å prioritera midlar til auka samarbeid mellom skule og næringsliv.

Kompetanse er prioritert med 12,21 % av totalramma.

2.7.3 Bedriftsretta virkemidlar/bedriftsstøtte via Innovasjon Noreg

Ein del av midlane er prioritert brukt som bedriftsretta virkemidlar / bedriftsstøtte via Innovasjon Noreg.

Situasjonsanalysen synte at det er behov for bedriftsinterne midlar til oppfølging av kompetanseprogram og til utvikling av nye prosjekt. Det er ein føresetnad at midlane skal øyremerkast for bedrifter som kjem inn under ordninga med kompensasjonsmidlar. Arbeidsutvalet for bruk av kompensasjonsmidlar skal innstilla søknadane før endeleg godkjenning hjå Innovasjon Noreg.

Tiltaket er prioritert med 5,87 % av totalramma.

2.7.4 Fordeling / administrasjon

Kr. 400 000,- er sett av til tapt arbeidsforteneste for arbeidsutvalet og til sekretariat. Tiltaket er prioritert med 0,94 % av totalramma.

3.0 SAMFERDSLE

3.1 Bakgrunn

Det er stort behov for opprustning og utbetring av vegnettet i Hardanger og Sunnhordland. Dette gjeld særleg sekundærvegane som er flaskehalsar for godstrafikk og store kjøretøy med m.a. restriksjonar på akseltrykk. Men det er også fleire parsellar på hovudvegane som ikkje har god nok standard. Difor er det innan samferdsle prioritert å bruka kompensasjonsmidlar til delfinansiering av større riksveganlegg, planlegging av nye stamveganlegg og lokale veganlegg.

3.2 Jondaltunnelen

Bakgrunn:

For kommunane og bedriftene i Kvam, Jondal, Odda og Kvinnherad er realisering av Jondaltunnelen eit svært viktig samferdsletiltak for å få til eit funksjonelt bu- og arbeidsområde på Folgefonnhalvøya.

Ei realisering av Jondaltunnelen vil gjera at ein kan køyra igjennom i staden for rundt Folgefonnhalvøya. Det er forventa følgjande fordelar ved realiseringa:

- Tid og kostnadmessig betre samband mot Bergensregionen, og betra tilkopling frå vest mot E134
- Rassikker trase
- Større arbeidsmarknad og lettare tilgang på kvalifisert arbeidskraft
- Utvida utdanningsmoglegheiter
- Samhandling mellom kommunane for større aktivitet

Lokalisering:

Vil opna for eit samband frå Folgefonntunnelen mot Jondal og vidare via ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd og Rv 49 og Rv 7 til Bergen.

Målsetjing:

Eit funksjonelt bu- og arbeidsområde på Folgefonnhalvøya.

Organisering:

Arbeidet med å få realisert tunnelen er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Jondal, Kvam, Odda og Kvinnherad og Hordaland fylkeskommune.

Arbeidet vert gjort gjennom selskapet Hardangervegen AS

Kostnad

Tunnelen er kostnadsrekna til 801.4 mill. kroner. Vedteken kostnadsramme er på 822 mill.kroner. Dette gjer at det er kr. 20 mill i reserve i høve til kostnadsramma.

Finansieringsplan

Statlege midlar :	50,0 mill kroner
Kommunane:	58,1 mill kroner
Bompengar	86,9 mill kroner
Kompensasjonsmidlar	80,6 mill kroner
Lånemidlar	532,0 mill kroner
Til saman	807,6 mill. kroner
Kompensasjonsmidlar	
Kompensasjonsmidlar 2004-2006	60,0 mill.kroner
Kompensasjonsmidlar 2007	1,5 mill kroner

Kompensasjonsmidlar 2008	1.0 mill kroner
Kompensasjonsmidlar 2009	3,3 mill kroner

Forventa kompensasjonsmidlar totalt kr. 80,6 mill. kroner.

Framdriftsplan/status:

Arbeidet med tunnelen har vore på anbod og entrepenørselskapet Kruse- Smith fekk oppdraget. Fyrste tunnelsalve gjekk 3.november 2009 og skal vera ferdig i løpet av 2013.

Kompensasjonsmidlar 2009	kr. 3 300 000,.
--------------------------	-----------------

3.3 Bømlopakken

Bakgrunn:

Bømlo har i dag passert ca.11200 innbyggjarar, og har om lag 4800 arbeidsplassar i eit høgt teknologisk og variert næringsliv. Gjennom Trekantsambandet som vart opna i 2001, har Bømlo fått brusamband til Stord og tunnelsamband mot Haugalandet / Haugesund. Sør i kommunen er det ferjesamband frå Langevåg til Buavåg i Sveio kommune. Vegstandaren på Bømlo stettar i dag ikkje behova til eit ekspansivt og eksportretta næringsliv. I tillegg er det for mange ulykker på deler av dagens vegnett.

Bømlopakken er ein plan for utbetring av dei to riksvegane på Bømlo, Rv 541 og Rv 542, til tilfredstillande standard i høve til trafikk og næringslivet sine behov, samt utbetring av dei viktigaste fylkesvegane i kommunen. Bømlopakken har ein samla rammekostnad på 1004 mill kr. (2009 kroner) Utbygginga har så smått starta opp i 2007 og ein har som mål å vera ferdig med heile prosjektet i NTP planperioden 2018/2022.

Bømlopakken og mogleg finansieringsopplegg vart første gong omtala i Nasjonal Transportplan (NTP) for perioden 2006- 2015 . RV 541 og 542 vil frå årsskifte 2009/2010 inngå i det vegnettet som fylkeskommunen skal ha ansvaret for jamfør forvaltningsreforma. Dersom rammer til investeringar i nye veganlegg ikkje vert reduserte, er det påreknat at Bømlopakken vil få statlege midlar (frå 2010 fylkesvegmidlar) til prosjektet i planperioden 2010-2019 med hovudtungta i siste del av perioden.

Lokalisering:

Prosjektet gjeld utbetring og ei monaleg standard heving av det mest sentrale vegnettet i Bømlo kommune.

Målsetjing:

Målsetjinga med Bømlopakken er å få utbetra vegstandarden på Bømlo slik at næringslivet og i framtida kan vera lokalisert i ein distriktskommune som Bømlo, samt at talet på ulykker på vegnettet vert monaleg redusert.

Organisering:

Arbeidet med å få realisert Bømlopakken har fram til no vore eit samarbeid mellom kommunen og lokalt næringsliv. Kommunen og lokalt næringsliv etablerte difor i 2004 eit eige selskap, Bømlo Vegselskap AS, som skulle vera eit pådrivarselskap for å få ein raskast mogleg prosess fram til godkjenning av prosjektet i Stortinget og med det ei realisering av Bømlopakken. Prosjektet er no godkjent Stortinget og det vert no arbeida med å omorganisera Bømlo Vegselskap til eit reint finansieringsselskap (bompengeselskap) for prosjektet der dei private eigarane trekkjer seg ut og Fylkeskommunen kjem inn som hovudeigar av selskapet i saman med Bømlo kommune. For styring av Bømlopakken vil det i tillegg bli etablert eit eige kontaktutval som får i oppgåve å sikra framdrift, gjennomføring og tilstrekkeleg finansiering av dei ulike prosjekta/ tiltaka i Bømlopakken. Her vil både kommune, fylkeskommune, bomselskapet og Statens Vegvesen vera deltakarar.

Aktivitetar og innhald:

Bømlopakken er ein plan for utbetring av dei to riksvegane på Bømlo, Rv 541 og Rv 542, til tilfredstillande standard i høve til trafikk og næringslivet sine behov, samt enklare utbetring av dei viktigaste fylkesvegane i kommunen

Prioriterte riksvegstrekingar:

Prioritet	Vegnr.	Strekning	Rammekostnad
1	Rv 542	Svortland - Stokkabekken	112 mill.kr.
2	Rv 541	Stokkabekken – Rubbestadneset	145 mill.kr.
3	Rv 541	Stokkabekken-Siggjarvåg	211 mill.kr
4	Rv 541	Sakseid – Langevåg	289 mill.kr
5	Rv 542	Ekornsæter – Sakseid	108 mill.kr
6	Rv 542	Røyksund – Mosterhamn	46 mill.kr.
Sum			911 mill.kr

Prioriterte fylkesvegstrekingar:

Prioritet	Vegnr.	Strekning	Rammekostnad
1	Fv 14	Svortland – Økland	20 mill.kr.
2	Fv 18	Urangsvåg – Brandasund	40 mill.kr.
3	Fv 11	Langevåg – Eidesvik	2 mill.kr.
4	Fv 19	Rubbestadneset – Rolfsnes	18mill.kr.
5	Fv 12	Sakseid – Grønnevik	7mill.kr.
6	Fv 23	Thormodsæter – Gilje	6 mill.kr.
Sum			93 mill .kr

Kostnad:

Bømlopakken er kalkulert til ein samla kostnad på 1004 mill (2009 kroner)

Finansieringsplan:

Statlege midlar	121.0 mill.
Fylkeskommunale midlar	35.0 mill.
Kommunale midlar	50.0 mill.
Kompensasjonsmidlar 2004-2006	28.3 mill.
Kompensasjonsmidlar 2007	12.0 mill.
Kompensasjonsmidlar 2008	16,8 mill.
Kompensasjonsmidlar 2009-2013	120,9 mill.
Bømpengar	620.0 mill.
Til saman	1004.0 mill.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 21,60 mill

Framdrift/ Status:

Bompengesøknaden er handsama i alt tre gonger av kommunestyret i Bømlo og to gonger i fylkestinget i Hordaland. Siste gong i mars 2009 og med positiv tilråding. Søknaden er godkjent av Vegdirektoratet og vart i mars 09 sendt vidare for handsaming i Samferdselsdepartementet for framlegging for Stortinget. St.prp 78 Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune vart fremja for Stortinget den 29. mai med positiv innstilling. Endeleg godkjenning av plan vart gjort den 16.juni 09.

Arbeidet med reguleringsplanar for dei ulike strekningane i pakken er i full gang.

Det er starta bygging på tre parsellar, eine var ferdig i 2008 medan dei to neste vil vera ferdig i 2009/ 2010.

3.4 Ferjefri kyststamveg – Hordfast

Bakgrunn:

E 39 er den viktigaste transportkorridoren på vestlandet. Det er gjort vedtak i fylkestinget i Hordaland om at ny trase over Tysnes skal byggast med bru over Langenuen, ny veg til Våge og ny ferjekai ved Våge. Bru over Langenuen er ikkje inn i framlegg NTP før etter 2019.

I vedtaket i fylkestinget av 14. juni 2000 ligg det og at det skal arbeidast for ein indre riksvegtrase. Dette er i samsvar med Storingsvedtak av 1995.

Næringslivet i Sunnhordland har saman med NHO Hordaland gjennomført forstudiet "Hordfast", som er ein indre ferjefri stamveg mellom Stord og Bergen via Tysnes og Fusa. Vegen vil kunna gje ca. 25 minutt kortare køyretid mellom Leirvik og Bergen. Dette vil vera det største ferjeavløysingsprosjektet i Noreg. Ferjefri kyststamveg vil knyta saman Hardanger, Bergensområdet og Sunnhordland. E 39 Kyststamvegen er av stor betydning for utviklinga av næringslivet på Vestlandet.

Tysnes Industriforum, NHO Hordaland, Business Region Bergen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland engasjerte hausten 2008 analysebyrået Econ Pöyry til å sjå på dei samfunnsmessige konsekvensane ved ei realisering av Hordfast.

Dette arbeidet må følgjast opp gjennom eit eige prosjekt fram til etablering av selskapet Hordfast.

Målsetjing:

Ferjefri kyststamveg mellom Stord og Bergen prioritert i NTP 2014-2023.

Organisering:

Oppdragsgjevar: Tysnes Industriforum

Styringsgruppe: Rep. frå næringslivet i Sunnhordland, NHO og kommunar.

Prioritert arbeide er å etablere selskapet "Hordfast" som skal arbeida for å få realiset ein ferjefri kyststamveg.

Aktivitet og innhald:

Etter at Econ Pöyry er ferdig med hovudrapporten er prioritert arbeid vidare:

- Møte med sentrale aktørar (politikarar, næringsliv og næringslivsorganisasjonar) både lokalt og sentralt for å påverke og oppretthalde fokus på Hordfast (Ferjefri kyststamveg E39)
- Oppretta domene Hordfast.no. Oppretta og utarbeide internettside for Hordfast.
- Bygge vidare på Hordfast rapporten og kjøpe tenester for å kvalitetssikre innhaldet.
- Gjennomføra ein forstudie som har som målsetjing å gjera ei avklaring på om prosjektet kan gjennomførast som eit OPS prosjekt. Det skal utarbeidast prosjektplan prosjektet.

Kostnad:

Tiltak	Kostnad	Finansiering frå komp	Andre
Utarbeiding av analyse Hordfast	930 000,-	330 000,-	600 000,-
Domene og nettside	50 000,-	50 000,-	
Utarbeiding av materiell	40 000,-	40 000,-	
Kjøp av tenester / kompetanse	800 000,-	600 000,-	200 000,-
Totalt	1 820 000,-	1020 000-	800 000,-

Finansiering frå kompensasjonsmidlar :

Kompensasjonsmidlar i 2008	kr. 200 000,-
Kompensasjonsmidlar i 2007	kr. 250 000,-
Kompensasjonsmidlar i 2006	kr. 70 000,-
Kompensasjonsmidlar 2009	kr. 500 000,-

Framdrift/ status:

Hordaland fylkesting sa i møte i april 2008 i sin uttale til NTP følgjande om Hordfast: *Når strekninga Svevatjørn – Rådal er ferdigstilt, ynskjer fylkestinget å vurdere strekninga Os – Leirvik på nytt med sikte på å realisere ein ferjefri kyststamveg på denne strekninga.*

Det er no gjort vedtak i dei fleste kommunane om at ein ber Hordaland fylkesting gjera om dette vedtaket.

Dette inneber at det lokalt er brei politisk semje for at Hordfast er eit viktig prosjekt for Vestlandet. Prosjektskisse og materiell til vidare arbeid er under utarbeiding.

3.5 Samferdslepakke Skånevik**3.5.1 Oppgradering av Fylkesveg 34 med ny gang- og sykkelveg frå Skånevik ferjekai og til idrettsanlegget****Bakgrunn**

Utviding oppgradering av Fv 34 med ny gang- og sykkelveg frå Skånevik ferjekai og til idrettsanlegget, ein lengde på 1000 m, er ein viktig del av ny vegutløysing ved realisering av tunnel Skånevik- Etne.

Dette er eit høgt prioritert prosjekt i Etne kommune og det er stor trafikk både i samband med næring, bustad og fritid langs denne strekninga i Skånevik, som både er smal og uoversiktleg. For å få dette prosjektet gjennomført har kommunen gjort vedtak om å utgreie forskottering. Det vil bli reist sak om dette i Etne kommune med oversending til Hordaland fylkeskommune omgåande. Ei slik forskottering vil føra til rentekostnader for Etne kommune på om lag kr 600.000,- årleg fram til fylket refunderer projektkostnaden

Målsetjing

Utviding oppgradering av Fv 34 med ny gang- og sykkelveg frå Skånevik ferjekai og til idrettsanlegget.

Organisering / ansvar

Etne kommune / Hordaland fylkeskommune

Aktivitet og innhald

Området var ferdig regulert i 2007.

Kostnad

Det ligg føre eit kostnadsanslag frå Statens vegvesen på kr 17,0 mill. for prosjektet.

Etne kommune – forskottering kr. 17,0 mill kroner

3.5.2 Utbetring av Rv 48 Sentrum - Nes

Bakgrunn

Fram til gjennomføring av tunnelprosjektet er utbetring av eksisterande Rv 48 sentrum – Nes i Skånevik også eit høgt prioritert prosjekt. Trafikken til og frå ferja langs denne vegstrekninga og over Håland i dag, med stressande situasjonar i forhold til å nå ferjeavgangar, med tunge og store køyretøy, der det ikkje er passering, fører ofte til trafikkfarlege situasjonar. Det ligg føre reguleringsplan for denne vegstrekninga og det vert jobba for å utbetra dei mest trafikkfarlege punkta frå Skånevik ferjekai til Nes.

Målsetjing

Trafikksikring av traseen Skånevik ferjekai – Nes

Kostnad:

Finansiering:

Status / framdrift "Samferdslepakke Skånevik"

Begge desse prosjekta er også inne på den førebelse 10 på topp lista som Statens vegvesen har utarbeidd som framlegg til handlingsprogram for fylkesvegnettet.

Fylket overtar riksvegane frå 2010 og då blir tunnelprosjektet ein del av fylkeskommunen sin vegportefølgje. At tunnelprosjektet så langt ikkje ligg inne i NTP, er såleis ikkje avgjerande for kva tid prosjektet blir gjennomført, det vil derimot prioriteringane i Hordaland fylkeskommune vera. Kompensasjonsmidlar vil kunna dekkja slike rentekostnader. Dette prosjektet har difor førsteprioritet frå Etne kommune i forhold til bruk av kompensasjonsmidlar.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 200.000,-

Det er Etne kommune som avgjer kor avsette midlane skal nyttast.

3.6 Samferdsletiltak i Kvam

Bakgrunn:

I Kvam er det fleire aktuelle fyrtårnprosjekt som vil koma heile regionen til gode. Næringslivet i kommunen ynskjer å nytta midlar til desse prosjekta, og fordi det kan vera utløysande for å få med andre bidragsytarar. Det er difor strategisk viktig å ha frie midlar som kan utgjera eigendelar i slike prosjekt.

Bedriftene i Kvam ynskjer difor å bruka ein del av kompensasjonsmidlar til eit tiltak - "Næringsutvikling i Kvam". Midlane skal vera med på å løysa ut andre private og offentlege midlar slik at ein får finansiert kostnadane ved utbetring av flaskehalsar for næringslivet i Kvam.

Målsetjing:

Etablere eit prosjekt til infrastrukturtiltak i Kvam.

Organisering:

Styringsgruppe frå næringsliv og kommune.

Prosjektansvarleg Kvam herad eller Statens vegvesen

Aktivitetar og innhald:

Utarbeida kriteria for arbeidet og organisering.

Tiltak:

Utbetring av flaskehalsar ved blant anna følgjande områder:

- **Mundheim/Hansvågen**
Nytt skipsverft i Hansvågen vil krevja vegutbetringar.
- **Bakka/Breievne**
Ved industriområde på Breievne ligg riksvegen inne på industriområdet. No skal det seljast tomter på området og dei får ikkje optimal utforming før Rv. 49 er flytta. Ny veg er nesten ferdig utskoten, men det står att arbeid med å gjera det ferdig.
- **Linga**
På Linga vart Rv. 49 utbetra eit stykke for nokre år sidan. Det gjenstår to svingar som er til stor ulempe for store vogntog.
- **Sandvenhagen/Mo**
I Sandvenhagen næringsområde i Steinsdalen er det i dag fullt. Ny reguleringsplan er ferdig, men Statens Vegvesen har stilt krav om rundkøyring på Rv. 7 som rekkefølgekrav før utviding av feltet.
- **Steinstø**
I Steinstø er det mange ulike næringsaktørar. Steinstø Frukt- og kakebu, Hardanger Akvasenter, Hardanger Fjordreiser, Fykkesund Landskapsark m.m. Felles for dei alle er at trafikksituasjonen og parkeringsforhold er ugunstige. Statens Vegvesen gjer no ikkje bruksløyve for dei nye tiltaka, men har heller ikkje midlar til å utbetra Rv. 7.
- **Kroatveit/Ytre Ålvik**
I Ytre Ålvik er det bygt ein stor skogsveg i forlenging av Kroatveitvegen. Det svakaste punktet på denne vegen er påkoplinga til Rv. 7. Det er og fleire andre næringsverksemdar som nyttar denne vegen.

Budsjett:

Uavklart.

Finansiering:

Kompensasjonsmidlar 2007-2013, andre midlar.

Framdriftsplan:

Utarbeida kriteria for fondet og organisering av fondet.

Kompensasjonsmidlar 2007-2008 kr. 5 000 000,-

Kompensasjonsmidlar 2009 Kr. 1 500 000,-

3.7 Infrastruktur på Tysnes

Bakgrunn:

Tysnes har mange kilometer med smal veg og mange flaskehalsar. Fylkeskommunen har under utarbeiding ein ny Fylkesvegplan for Hordaland. Tysnes formannskap har prioritert 4 strekningsvise utbetringar som er meldt inn til planarbeidet. Næringslivet i kommune ynskjer å bruka kompensasjonsmidlar til eit spleiselag "Infrastrukturtiltak i Tysnes".

Fellestiltak

- Nyskaping - FoU - Innovasjon
- Marketing / marknadskommunikasjon
- Logistikk
- Prosjektstyring - Prosjektleiing
- Leiaropplæring – leiarar, mellomleiarar og linjeleiarar
- Organisasjonsutvikling
- Administrasjon – HMS
-

I fellestiltaka ligg og implementering i bedrift

Bedriftsintern opplæring

- Nyskaping - FoU - Innovasjon
- Marketing / marknadskommunikasjon
- Logistikk
- Prosjektstyring- Prosjektleiing
- Leiaropplæring – leiarar, mellomleiarar og linjeleiarar
- Organisasjonsutvikling
- Administrasjon – HMS

4.2.1 Kompetansetiltak

Mål

Tilrettelegga og gjennomføra kompetanseprogram ut i få dei behova bedriftene har. Dette er både fellestiltak og bedriftsinterne tiltak.

Målgruppe:

Bedrifter i Modalen, Kvam, Jondal, Kvinnherad, Etne og Tysnes innan produksjon, service- og tenesteyting.

Organisering :

Styringsgruppe: representantar frå næringslivet og organisasjonane.

Prosjektansvarleg: Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Leverandørar

Leiaropplæring, prosjektstyring mm. har vore ute på offentleg anbod. EuroMarketing v / August Kjærland fekk anbodet.

Ein del av opplæringa skal gjennomførast i regi av Kvinnherad Vidaregåande skule, NAV og /eller Innovasjon Noreg mfl.

Innhald :

Det skal gjennomførast ulike opplæringsprogram innan

- Nyskaping - FoU - Innovasjon
- Marketing / marknadskommunikasjon
- Logistikk
- Prosjektstyring- Prosjektleiing
- Leiaropplæring – leiarar, mellomleiarar og linjeleiarar
- Organisasjonsutvikling
- Administrasjon – HMS

Budsjett:

Skal utarbeidast i prosjektplan for dei ulike programma

Finansiering:

Eigendel deltakarar og kompensasjonsmidlar.

Tidsramme:

Oppstart 3. kvartal 2009

4.2.2 Kostnadsramme

Det er sett av ei ramme på kr. 700 000,- til fordeling innan kompetanse. Det er ikkje sett opp kostnad for kvart program då dette vil variera ut i frå behov og deltakarar.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 700 000,-

4.2.3 Opplæring til næringslivet

Kartlegging syner at verksemdene har stor trong for tilrettelagde opplæringstilbod, både kortkurs og meir langvarige kompetansegevevande kurs. Døme på dette er teori til fagprøven i industrirørleggjarfaget, maskinarbeidarfaget, tømrarfaget, malarfaget, fiskerifaget og kjemi/ prosessfaget.

Av andre tilbod verksemdene ønskjer opplæring i kan nemnast førstehjelp, brannvern, kjemikaliehandtering, økonomistyring, ulike datakurs, norsk, engelsk, leining, teambygging, sal/ marknadsføring, presentasjonsteknikk og kundehandsaming.

Dei ulike kompetanseområda kan gjevast av ulike kompetanseleverandørar. Der det er mogleg skal det nyttast leverandørar der kompetansehevinga vil gje studiepoeng, eller regionale kompetansesentera / vidaregåande skular som ledd i ei fagutdanning, sertifisering språkutdanning med meir.

Programma er opne for alle, men bedrifter som er med i grunnlaget for kompensasjonsordninga får dekkja delar av kostnadane ved deltaking.

4.3 Samarbeid Skule – Næringsliv**Bakgrunn:**

Det er i perioden 2006-2007 gjennomført eit forprosjekt innan auka samarbeid skule – næringsliv ved Kvinnherad Vidaregåande skule. Erfaringane frå prosjektet var så gode at bedriftene prioriterte å vidareføra prosjektet gjennom eit hovudprosjekt, men då inkludert alle kommunar som er med i ordninga med kompensasjonsmidlar. Kvinnherad Vidaregåande skule skal vera "motoren" i prosjektet, men ha eit tettare samarbeid med dei andre vidaregåande skulane i dei andre kommunane for å gjennomføra dette tilbodet.

I forprosjektet vart det blant anna gjennomført ei kartlegging av bedriftene sitt kompetansebehov, og ei kartlegging blant lærarane for å sjå korleis skulen skal kunna møta næringslivet sitt behov. I prosjektet har det og vore fokus på eit tettare samarbeid mellom elevar og skule. Gjennom prosjektperioden vart det gjennomført fleire kurs for næringslivet og næringslivet har vore tydelege på at dette samarbeidet ynskjer dei å vidareføra.

Det er lagt opp til at kurstillboda ved skulen og skal omfatta dei andre kommunane som er med i ordninga med kompensasjonsmidlar.

Vidaregåande skular:

For skulen er det viktig å utdanna elevar som kan gå inn som både arbeidstakarar og arbeidsskaparar i eit framtidretta næringsliv. Det vil vera sentralt korleis vidaregåande skular som kompetansebedrift kan vera med og utvikla næringslivet i kommunane.

Dei vidaregåande skulane står føre ein stor omstillings- og utviklingsprosess. Reforma Kunnskapsløftet stiller store krav til at skulane skal vera ein lærande organisasjon. Samarbeidet skule og næringsliv skal generelt

styrkast i reforma. KVV ønskjer med dette prosjektet å arbeida vidare med røynsler frå tidlegare oppdragsverksemd for å gjera skulen viktigare for næringslivet, og omvendt. KVV ønskjer å vera "ein levande stad for kunnskap" og ønskjer å bidra til ei positiv utvikling for kommunane og næringslivet. Hordaland Fylkeskommune ønskjer og at dei vidaregåande skulane i fylket skal vera læringssenter innanfor sine fagområde for regionen, der utdanning og læring vert sett i eit livslangt perspektiv. Det er særst interessant å vidareutvikla KVV som eit lokalt læresenter som kan tilby samordna og fleksible utdannings- og læretilbod. Styringsgruppa for forprosjektet har utarbeidd ein plan for eit hovudprosjekt over tre år.

Mål for hovudprosjektet:

KVV skal framstå som ein moderne, næringsorientert vidaregåande skule med høg kvalitet og kompetanse og vera ein attraktiv stad for vidare- og etterutdanning for arbeidslivet. Eit auka samarbeid mellom skule og næringsliv skal vera med på å utdanna arbeidstakarar og arbeidsskararar i eit framtidretta næringsliv.

Rammer:

Prosjektet er føreslege finansiert ved bruk av kompensasjonsmidlar. Det er ikkje vedteke kva storleik evt. midlar til kompetansehevingsprosjekt skal utgjera.

Oppgåveomfang og avgrensing:

Hovudprosjektet skal utvikla KVV som ein attraktiv lærestad for næringslivet. Kompetansen ved KVV skal utviklast, for å gje næringslivet eit best mogeleg tilbod, samstundes som skulen vert enno dyktigare til å gje elevane eit heilskapleg og godt tilbod.

Næringslivet si trong for arbeidskraft i dag og i framtida vil òg vera viktige parameter for kva tilbod skulen skal gje. Det er samstundes av stor verdi å sjå på krava som vert stilt til KVV gjennom Kunnskapsløftet i høve til gjennomføring av våre ulike programområde. Gjennom forprosjektet er det utvikla ulike samarbeidsopplegg. Desse bør vidareutviklast, samstundes som det vert lagt vekt på kompetanseheving blant dei tilsette på skulen/ skulane i regionen.

Organisering:

Oppdragsgjevar er styringsgruppa for kompensasjonsmidlane i Hordaland.

Prosjektleiar :Brynjulf Lie ved KVV

Styringsgruppa er samansett av representantar frå bedrifter og organisasjonar.

Dei tillitsvalde vil ha ein naturleg plass i prosjektet. Elles vil elevar, foreldre, andre skular og andre ressursmiljø kunna vera samarbeidspartnarar.

Hovudaktivitetar	Tidsperiode
➤ Gje verksemdene eit variert opplæringstilbod, med vekt på høg kvalitet og nytteverdi.	Heile prosjektperioden
➤ Gje etter- og vidareutdanning til ulike målgrupper (Kompetansegejevande, i samarbeid med høgskulane)	Heile prosjektperioden
➤ Undersøka jamleg kva trong for kompetanse næringslivet har i dag og på lang sikt (Utarbeida Gap-analysar)	Heile prosjektperioden
➤ Utvikla KVV som ein næringslivsorientert skule, som mellom anna arbeider for å få på plass ei utdanning i Teknisk allmennfag, TAF, snarast mogeleg	Heile prosjektperioden
➤ Arbeida saman med næringslivet for å sikra langsiktig rekruttering av tilsette med rett kompetanse.	Heile prosjektperioden
➤ Vidareutvikla samarbeidsmodellar mellom skule og næringsliv, mellom anna ved å halda fram med arrangementa "Møteplass KVV".	Heile prosjektperioden

➤ Gje elevane ved KVV internasjonal røynsle, til dømes ved å organisera og støtta utanlandsopphald for elevgrupper.	Heile prosjektperioden
➤ Betra skulen sin tilgang på moderne utstyr av høg kvalitet.	Heile prosjektperioden
➤ Gje eksamensførebuande kurs både for studiespesialiserande og yrkesfaglege liner. (fag-/sveineprøvar).	Heile prosjektperioden
➤ Utvikla KVV til å vera ein ressurs for andre vidaregåande skular i einskildfag eller på heile fagområde, og andre vidaregåande skular for oss.	Heile prosjektperioden
➤ Utvikla KVV som ein samarbeidspartnar og utviklar av opplegg for privat og offentleg verksemd som kan dekke kompetansetrongen	Heile prosjektperioden
➤ Utarbeida sluttrapport for hovudprosjektet	Desember 2010

Tidsplan:

Hovudprosjektet er planlagt gjennomført frå 01. januar 2008 til og med 31. desember 2010.

Budsjett:

Budsjettpost	2007	2008	2009
Kostnader:			
Lønskostnader	690 000	730 000	770 000
Frikjøp lærarkrefter	100 000	190 000	200 000
Husleige m.m	120 000	126 000	132 000
Reiser, deltaking konferansar m.m	50 000	55 000	60 000
Opplæringstilbod til næringslivet m.m *	2 200 000	1 400 000	2 400 000
Internasjonalisering elevar	550 000	580 000	600 000
Andre arr. + marknadsføring	140 000	150 000	150 000
Teknisk utstyr/inventar	550 000	600 000	600 000
Totalt	4 400 000	3 831 000	4 912 000
Finansiering:			
Eigenandelar bedrifter	500 000	510 000	510 000
Tidlegare løyvde midlar (komp 2006)	1 500 000	321 000	
Kompensasjonsmidlar	2 400 000	3 000 000	4 402 000*
Totalt	4 400 000	3 831 000	4 912 000

* Styringsgruppa for prosjektet vert beden om å laga eit revidert budsjett der kostnadane vert redusert

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 3 000 000,-

Minst kr. 1 500 000 skal gå til opplæring.

4.4 Realfag prosjekt

Bakgrunn:

Fleire internasjonale undersøkingar dei siste åra har vist at norske elevar har lågare kunnskapsnivå innan real- naturfag enn gjennomsnittet i undersøkingane. Samstundes gjer næringslivet uttrykk for stor mangel på rekruttering innan realfag og ingeniørfag, og ei rekkje bedrifter må importera ingeniørkompetanse.

Kvinnherad har sama utfordringar som landet elles. Det er få lærarar med realfagkompetanse, høg alder på mange av dei og vanskar med rekruttering. Det er og behov for grunnleggjande instrument og utstyr til å gjennomføra ei tidsaktuell og spennande realfagundervisning. I Kvinnherad er det i perioden 2005 -2007 gjennomført eit prosjekt "Realfagprosjektet".

Målet med prosjektet har vore å få til auka interesse for realfag, og målgruppa har vore elevar i ungdomsskulen. Gjennom prosjektperioden er det gjennomført ulike tiltak for å auka interessa hjå elevane og det er kjøpt inn ein del læremidlar til skulane. Elevane har og vore med på havforskningsinstituttet sin båt og delteke på arbeidet som vert gjort i Hardangerfjorden.

Det er ynskjeleg å vidareføra dette arbeidet men då som eit delprosjekt under hovudprosjektet ved Kvinnherad vidaregåande skule.

Målsetjing:

- Styrkja real-/ naturfagundervisninga ved ungdomsskulane og vidaregåande skular
- Skapa kontaktflater mellom bedrifter og skular slik at ungdommen har gode relasjonar til bedriftene.
- Auka interessa for, og kunnskapsnivået innan realfag.

Organisering:

Representantar frå næringsliv, spisskompetanse innan realfag og skulane som deltak.

Prosjektansvarleg:

Kvinnherad Næringssservice v/ dagleg leiar Karin Thauland.

Aktivitetar og innhald:

- Stimulera til nettverksbygging og samhandling mellom skular og næringsliv.
- Internasjonalt samarbeid gjennom t.d. Comenius og MAR-ECO

Milepælar:

For å sikre framdrift i prosjektet blir det tidfesta faste milepælar:

- I skoleåret **2008/2009** vil det blir avsett tid på den enkelte skule for ressurspersonar på skulenivået.
- I løpet av **2008/2009** vil det blir ferdig eit opplegg for faste besøksmål i 8. trinn.
- **2008/ 2009** Nettverksgrupper vil med jamne mellomrom gjennomføre «workshop» der det blir presentere eit opplegg i eit realfagleg emne.
- **2008 / 2009** Kvar skule skal ha ein fast samarbeidspartnar i industrien.
- **2009/2010** faste besøksmål for 9. trinn blir tatt i bruk.
- **2009/2010** prosjektet er utvida til også å omfatte 5. - 7.trinn
- **2009/2010** ein fortsetter med utvikling av faste besøksmål for 10. trinn.
- Grunnskulen og vidaregåande skule legg fram ein oversikt med realfaglege aktivitetar som dekkjer begge skuleslaga. Det skal forhindre at elevane får for mykje opp att igjen.

Forslag til delprosjekt og budsjett (i 1000. kroner)

Delprosjekt	2009	2010	2011	Sum
Gjennomføring / Kompetanseheving				
a) Ungdomsskulane og KVV: utstyr / instrument	400	300	275	
b) Ungdomsskule og KVV: Eksperimentpakke / Ekskursjonar				
c) Nettverksdanning. Vidareutdanning. Kontaktperson på skulenivå.	100	100	100	
d) Kursmateriell tilpassa intern. Samarbeid				
e) Utarbeiding av digitale samarbeidsopplegg	100	100	100	
f) internasjonal samarbeid				
● utvikling av fleirspråkleg materiell	100	100	75	
● kontakt med internasjonale miljø				
				1.850
Ekskursjonsmål				
a) Utarbeiding av opplegg				
b) Utarbeiding av ekskursjonsplanar				
c) Undervisningsmateriell				
d) Innleiing av fagfolk	250	400	350	1.000
Utvikling av fysisk utstillingsmateriale	0			
a) Geologi				
b) Industrielt		300	350	750
c) andre tema				
Profileringsprodukt teknologi / realfag (AV, video, film, etc.)				
Tema 1: mekanisk				
Tema 2: Fartøy, Offshore				
Tema 3: råvarer, energi, metall	100	500	300	900
Samarbeid skule / næringslivet			350	
a) Hospitering for lærarar / Frikjøp		450		1000
b) Transportkostnader	200			
Samarbeid med tunge realfagsmiljø (Havf.inst., Univ. i Bergen, Forskningsrådet mm.)				
a) Gjesteforelesar				
b) Kurs på Universitetet o.l. (KVV på NTNU)	100	250	250	600
Profilering av prosjektet	100	100	100	300
Administrasjon, leiing, rapportering og evaluering av prosjektet.	500	500	500	1500
Sum	1950	3.100	2.850	7.900

Kompensasjonsmidlar 2008 kr. 900 500,-

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 1.000 000,-

Det er ein føresetnad for løyvinga at det vert eit tett samarbeid med Skule – næringslivs prosjektet ved Kvinnherad Vidaregåande skule for å få synergjar mellom prosjekta og for å kutta kostnadane.

4.5 Ungt Entreprenørskap (UE)

Bakgrunn

Ungt entreprenørskap er ein fri og uavhengig medlemsorganisasjon som gjer born og unge opplæring i entreprenørskap, skaparglede, tru på egne evner og kunnskap om arbeids – og næringsliv. Sentralt i arbeidet står samspelet mellom skule, næringsliv og samfunnet elles. Engasjement frå desse er viktige i formidlinga av kunnskap og erfaringar. Resultata frå arbeidet med entreprenørskap i utdanning er godt dokumentert i forskning. Nokre av dei viktigaste resultatane er:

- Fremje trivsel og skape motivasjon og sjølvkjensle.
- Moglegheita for at elevar som deltek i ungdoms- eller studentbedrift etablerer eigen bedrift er minst dobbelt så stor som elles i befolkninga.
- Gjev auka kjennskap til eige nærmiljø, og styrkjer dermed tilknytninga til heimstaden.

Ungt entreprenørskap Hordaland, NHO Hordaland og Atheno AS har gått saman med kommunane Stord, Kvinnherad og Bømlo om eit treårig prosjekt for å styrkja satsinga på entreprenørskap i Sunnhordland.

Målsetjing

Auka entreprenørskapssatsinga i Sunnhordland

Organisering: Styringsgruppa: Styret for UE Hordaland

Prosjektleder : Nina Østensjø Borrevik

Aktivitetar og innhald

Implementera metodikk og programma til UE i skular i alle alderstrinn frå grunnskule til vidaregåande og høgare utdanning.

INNETEKTER	NOK
Kommunane Bømlo, Stord og Kvinnherad	Kr. 124.458
Bedrifter i Stord	Kr. 185.542
Kompensasjonsmidlar	Kr. 500 000
Atheno AS	Kr. 50.000
UEH	Kr. 50 000

KOSTNADER	NOK
Personalkostnader 100 % stilling	Kr 600.000
Driftskostnader	Kr 60 000
Reisekostnader	Kr 40 000
Nettverksmøter	Kr 10 000
Aktivitetskostnader	Kr 100 000
Utvikling- og følgjekostnader	Kr. 100.000
Sum	Kr 910 000

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 500 000,-

5.0 Andre prioriterte tiltak

5.1 Kultursenter på Husnes

Bakgrunn:

Eit aktivt kulturliv er og med på å gjera ein stad attraktiv å bu og arbeida i. Difor er kultur og eit virkemiddel for rekruttering til arbeidslivet. Kultursenteret er ein viktig bidragsytar for utvikling av kulturlivet i ein kommune og bedriftene i Kvinnherad ynskjer å bidra til at kulturen i kommunen skal få eit viktig og nødvendig løft. Kulturhuset på Husnes har stor aktivitet, og ved å knyta aktivitetane saman i eit kulturbygg vil tena alle.

Målsetjing:

- Styrkja og vidareutvikla kultursatsinga i Kvinnherad kommune.
- Heva kvaliteten i kulturskulen og gje minst 600 born pr skuleår ei fullverdig og tilpassa undervisning i eit variert fagtilbod.
- Betra arbeidsmiljø for personale ved å la dei få ein base og kompetansesenter for vidareutvikling innan sine fag.

Organisering:

Styringsgruppe med representantar frå kommune og næringsliv.
Prosjektansvarleg: Kvinnherad kommune

Aktivitetar og innhald:

Forventa byggestart 2008/2009.

Budsjett:

kr. 38 500 000,-.

Finansiering:

Kvinnherad kommune	kr. 25 500 000,-
Kompensasjonsmidlar 2004-2006	kr. 5 084 188,-
Kompensasjonsmidlar 2007	kr. 2 500 000,-
Kompensasjonsmidlar 2008	kr. 2 500 000,-
Kompensasjonsmidlar 2009	kr. 2 500 000,-

Framdriftsplan:

Det har vore gjennomført ein arkitektkonkurranse. Styringsgruppa har gått inn for utkastet til arkitektfirma Rambø Noreg AS saman med Lead Ink på Husnes. Arkitektane har opsjon på resten av arbeidet. Arkitektane skal leggja fram ferdig skisse og framlegg til forprosjekt innan 01.06.09. Forprosjektet skal vera ferdig innan 12.10.09. og detaljprosjekt innan 26.01.10.

Byggeperioden er forventa frå desember 2009 til mai 2011.

5.2 Næringsutvikling i Kvinnherad

Bakgrunn:

Næringslivet i Kvinnherad har stort behov for nye næringsareal. Dette er areal til utvikling og ekspansjon i eksisterande næringsliv, men og til nyetableringar og til bedrifter som ynskjer å etablere seg i Kvinnherad. Bedriftene ynskjer å gå i eit samarbeid med kommunen for å kunna gjennomføra ei kartlegging av tilgjengleg areal og å kunna løysa inn nytt næringsareal. For å få gå dette til skal det etablerast eit prosjekt "Næringsutvikling i Kvinnherad".

Målsetjing:

Kartleggja og løysa inn næringsareal i Kvinnherad.

Organisering:

Det skal utarbeidast ein plan for organisering drift av arbeidet

Aktivitetar og innhald:

Det skal utarbeidast ein plan for organisering og innhald av satsinga.

Budsjett:

Det er ikkje utarbeidd budsjett for tiltaket enno, men det er forventa at bruk av kompensasjonsmidlar skal utløysa kommunale og andre midlar som til saman kan gje eit godt grunnlag for næringsutvikling i Kvinnherad.

Finansiering:

Kompensasjonsmidlar 2004-2006 kr. 1 000 000,-

Kompensasjonsmidlar 2007 kr. 2 000 000,-

Kompensasjonsmidlar 2008 kr. 2 800 000,-

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 3 000 000,-

Framdriftsplan:

Utarbeiding av plan for organisering og innhald 3. kvartal 2009

5.3 Tettstadutvikling Ålvik

Bakgrunn:

Ålviksamfunnet har dei siste åra opplevd ei kraftig nedbemanning ved hjørnesteinsbedrifta Bjølvefossen. Det er arbeidd med ulike tiltak for å motverka nedgangen. Bjølvefossen og kommunen har oppretta ei styringsgruppe for omstilling i Ålvik. Styringsgruppa ynskjer å fokusera på Ålvik som ein god og triveleg stad å bu. Geoplan AS har laga ein tiltaksplan for infrastrukturtiltak i tettstaden.

Mål:

Gjennomføra infrastrukturtiltak i tettstaden Ålvik som byggje opp under målsetjinga om at Ålvik er ein god og triveleg stad å bu.

Aktivitetar og tiltak:

I dette arbeidet vert presentert tiltak for:

- Betring av trafikkmiljø og tryggleik langs riksvegen
- Ny utforming av Torget/sentrumsområdet
- Skaping av ny akse som ein berande struktur mellom sentrum og Havnanaset
- "Stoppeplass"/møteplass for vegtrafikken for å oppleva Ålvik
- Utforming av strandsti for å gjera strekninga langs stranda meir tilgjengeleg
- Betring av miljø og tilrettelegging for turgåing og aktivitetar langs Dalselva
- Verknaden av desse tiltaka vil vera stimulerande for Ålvik som buområde, møteplass og som ein interessant stad å oppleva for fastbuande og vegfarande. Auka trivsel og større etterspurnad etter varer og tenester kan danna grunnlag for vekst og utvikling i næringsliv og arbeidsplassar.

Organisering: Styringsgruppe med representantar frå kommune og næringsliv, lag og organisasjonar

Prosjektansvarleg: Kvam herad.

Kostnad :

kr. 25 510 000,-.

Finansiering:

Kompensasjonsmidlar 2007 kr. 1 500 000,-

Kompensasjonsmidlar 2008 kr. 1 500 000,-
Kommunale midlar med fleire.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 1 500 000,-

Framdrift:

I 2003 vart det laga ein plan for opprusting av sentrum i Ålvik. Planen vil både gjera det trivelegare og tryggare for mjuke trafikantar. At det no vert opprusta i sentrum er eit viktig signal i ei bygd med store utfordringar. Oppstart på reguleringsplan september 2008.

5.4 Infrastruktur Modalen

Bakgrunn:

For å verta ein god vertskommune innan reiseliv må ein del infrastruktur vera på plass. Dette er blant anna ein turistinformasjon som kan yta service som er relevant i høve til turistane sitt behov. Dei treng ofte informasjon om transport, innkvartering, bevertning og ikkje minst om attraksjonar og aktivitetstilbod. For å vera ein god vertskommune må ein og tilrettelegga med skilting og gode rasteplassar. Vandring er eit satsingsområde innan reiseliv, og merking av turstiar er eit viktig tiltak for å tilrettelegga for dette. Dette er og eit tiltak som kjem dei fastbuande til gode.

Mål :

Gjennomføra nødvendige infrastrukturtiltak for tilrettelegging av reiselivssesongen 2008 / 2009

Organisering :

Styringsgruppe med representantar frå reisliv og kommune.

Aktivitetar og innhald

Kartlegga, prioritera og gjennomføra nødvendige tiltak.

Budsjett:

Kompensasjonsmidlar 2007 Kr. 250 000,-

Kompensasjonsmidlar 2008 Kr. 200 000,-

Kompensasjonsmidlar 2009 Kr 200 000,-

6. Bedriftsretta midlar gjennom Innovasjon Noreg

Situasjonsanalysen som vart gjort i bedriftene i januar-februar 2009 synte at det er behov for bedriftsinterne midlar til oppfølging av kompetanseprogram og til utvikling av nye prosjekt. Det er ein føresetnad at midlane skal øyremerkast for bedrifter som kjem inn under ordninga med kompensasjonsmidlar. Arbeidsutvalet for bruk av kompensasjonsmidlar skal innstilla søknadane før endeleg godkjenning hjå Innovasjon Noreg.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 2 500 000

7. Tapt arbeidsforteneste og sekretariat

Det er sett av ei ramme til å dekkja kostnader med tapt arbeidsforteneste for næringslivsrepresentantane i arbeidsutvalet og til sekretariatet. Arbeidsutvalet får kompensasjon etter Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland Fylkeskommune. Sekretariatet sitt honorar skal avklarast med Hordaland fylkeskommune og godkjennast av Arbeidsutvalet.

Kompensasjonsmidlar 2009 kr. 400 000,-

8.0 Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift fordeling mellom prosjekt 2009 – kvitt felt

PROSJEKT	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Område samferdsel:							
Rv 541/542 Bømlopakken	12,00	16,80	21,60				
Jondalstunellen	1,50	1,00	3,30				
Vegutbetring Kvam	2,50	2,50	1,50				
E39 Ferjefri Kyststamveg	0,25	0,20	0,50				
Infrastruktur Skånnevik	0,25	0,30	0,20				
Infrastruktur Modalen	0,25	0,20	0,20				
Infrastruktur Tysnes	0,00	0,00	0,20				
Stord lufthamn	0,00	0,90	0,00				
Til fordeling	0,00	0,00	0,00				
Sum Samferdsel	16,75	21,90	27,50	0,00	0,00	0,00	0,00
Område kompetanseheving:							
Prosjektlearutvikling	0,50	0,00	0,00				
Leiarutvikling	0,00	0,00	0,70				
Mellomleiarar og linjeleiarar	0,25	0,00	0,00				
Internasjonalisering	0,25	0,00	0,00				
Samarbeid skule-næringsliv	2,40	3,00	3,00				
Realfagprosjektet			1,00				
Ungt entreprenørskap			0,50				
Til fordeling	1,60	3,00	0,00				
Sum Kompetanseheving	5,00	6,00	5,20	0,00	0,00	0,00	0,00
Område andre tiltak:							
Kultursenter Husnes	2,50	2,50	2,50				
Næringsfond Kvinnherad	2,00	2,80	3,00				
Tettstadutvikling Ålvik	1,50	1,50	1,50				
Tettstadutvikling Jondal	0,00	0,00	0,00				
Til fordeling	0,00	0,00	0,00				
Sum område andre tiltak	6,00	6,80	7,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bedriftsretta tiltak Innovasjon Norge	0,00	0,00	2,50				
Sum bedriftsretta tiltak	0,00	0,00	2,50	0,00	0,00	0,00	0,00
Ymse ufordelte midlar	1,25	0,00	0,00				
Administasjon av styrings.gr/arbeidsutval	0,00	0,00	0,40				
Sum ufordelt / administrasjon	1,25	0,00	0,40	0,00	0,00	0,00	0,00
Samla sum fordelt	27,75	34,70	42,60	0,00	0,00	0,00	0,00

8.1 Kommunevis fordeling 2009

	Bømlo	Etne	Jondal	Kvam	Kvinnh.	Modal.	Tysnes	Sum fordel.
Område samferdsel:								
Rv 541/542 Bømlopakken	21,60	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	21,60
Jondalstunellen	0,00	0,00	0,30	1,50	1,50	0,00	0,00	3,30
Vegutbetring Kvam	0,00	0,00	0,00	1,50	0,00	0,00	0,00	1,50
E39 Ferjefri Kyststamvei	0,20	0,10	0,00	0,00	0,10	0,00	0,10	0,50
Infrastruktur Skånevik	0,00	0,20	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,20
Infrastruktur Modalen	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,20	0,00	0,20
Infrastruktur Tysnes	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,20	0,20
Stord lufthamn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
	21,80	0,30	0,30	3,00	1,60	0,20	0,30	27,50
Område kompetanseheving:								
Prosjektlearutvikling	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Leiarutvikling	0,00	0,00	0,00	0,00	0,70	0,00	0,00	0,70
Mellomleiarar og linjeleiarar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Internasjonalisering	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Samarbeid skule-næringsliv	0,00	0,15	0,15	0,15	3,40	0,00	0,15	4,00
Til fordeling	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Ungt entrepenørskap	0,30	0,00	0,00	0,00	0,20	0,00	0,00	0,50
	0,30	0,15	0,15	0,15	4,70	0,00	0,15	5,60
Område andre tiltak:								
Kultursenter Husnes	0,00	0,00	0,00	0,00	2,50	0,00	0,00	2,50
Næringsfond Kvinnherad	0,00	0,00	0,00	0,00	3,00	0,00	0,00	3,00
Tettstadutvikling Ålvik	0,00	0,00	0,00	1,50	0,00	0,00	0,00	1,50
Tettstadutvikling Jondal	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
	0,00	0,00	0,00	1,50	5,50	0,00	0,00	7,00
Bedriftsretta tiltak Innovasjon Norge	0,00	0,00	0,00	0,50	2,00	0,00	0,00	2,50
	0,00	0,00	0,00	0,50	2,00	0,00	0,00	2,50
Ymse ufordelte midlar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Administasjon av styrings.gr/arbeidsutval	0,10	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,40
	0,10	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,40
	22,10	0,45	0,45	5,15	13,80	0,20	0,45	42,60
Fordeling Møreforskning	22,87	0,03	0,00	5,50	14,23	0,00	0,00	42,63
Omfordeling midler	-0,77	0,42	0,45	0,35	-0,43	0,20	0,45	-0,03

